

Avtale om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet - utøving av opsjon på forlenging

Partar: Sogndal kommune og PwC AS.

Det vert vist til likelydande avtalar mellom avtalar frå 2017 mellom Sogndal kommune og PwC AS, Leikanger kommune og PwC AS og Balestrand kommune og PwC AS om sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i den respektive kommune. Sjå vedlegg 1. Avtalen er tidlegare godkjent av alle kommunane for perioden 01.06.17 til 01.06.19. Alle kommunane utøvde sin opsjon på å forlenge avtalen ut året 2019. I konkurransegrunnlaget for eksisterande avtale sto det fylgjande i pkt 1.1:

Dersom nokon av kommunane i løpet av avtaleperioden skulle slå seg saman, vil overskytande avtalar innan rirneleg tid opphøre, slik at den nye kommunen berre har ein avtale å halde seg til.

I avtalen låg det såleis og ein opsjon for den nye kommunen til å forlenge på same vilkår til 01.06.21, samt å nytte opsjonen for den tredje perioden og forlenge vidare i perioden 01.06.21 til 01.06.23.

5.9.19 vart det inngått avtale om at nye Sogndal kommune gjekk inn i avtalen med verknad frå 01.01.20 til 01.06.21.

Sogndal kommune og PwC AS er med dette samde om at Sogndal kommune utøver opsjonen for den siste toårsperioden det er rom for i avtalen. Slik at PwC AS leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet i Sogndal kommune for perioden 01.06.21 til 01.06.23. Det vert vist til eksisterande avtale, med grunnlag, for arbeidsomfang og vilkår. Det vert føresett at kontrollutvalet i Sogndal kommune vil ha fem ordinære møter i året – det vil seie same møtefrekvens som det har vore fram til no.

Sogndal x.2.2021

Ellen Njøs Lillesvangstu
Rådmann
Sogndal kommune

Jan Flølo
Partner
PricewaterhouseCoopers AS

Vedlegg 1: underliggende avtale for perioden 01.06.2017 til 01.06.2019

Vedlegg 2: fornying for nye Sogndal kommune for perioden fram til 01.06.21